# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Bergen Arkitektkontor AS
2. etg Frydenbølien 17-19
5056 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 05.12.2017 |
| Vår: 17/1244 - 17/34320 | EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Vedrørande førespurnad om oppgradering av anlegg på eigedom gbnr 182/8 Gausereide

Vi viser til dykkar førespurnad datert 06.11.17 og 05.12.17.

Førespurnaden gjeld byte av eksisterande tett tank på eigedommen, med ein tank med større volum evt. minireinseanlegg.

Eigedomen er omfatta av klausuleringsforskrifta for Storavatnet som er hovudvasskilda i Lindås kommune.

Som det vart orientert om i førehandskonferanse i forkant av søknad om påbygg til bustaden, så var det ein føresetnad at eksisterande tilhøve på eigedomen er uforandra som følgje av tiltaka på eigedomen. Ekstratømming av tett tank på eigedomen var og tema på førhandskonferansen.

Klausuleringsføresegna for området hindrar auke/utviding i tal bueiningar i området. Utsleppsløyvet som vart gjeve til eigedomen i vedtak datert 21.03.1983 gjaldt utslepp frå vassparande toalett til tett tank. Vedlagt ligg utsleppsløyve for eigedomen.

Dersom de no ser behov for oppgradering av avlaupsanlegget på eigedomen så krev det ny søknad om utsleppsløyve og løyve til etablering.

Utskifting av tank/rehabilitering av eksisterande anlegg skal skje i samarbeid med VA avdelinga hjå Lindås kommune for å hindre forureining av vasskjelda.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta | Eilin Houlison Molvik |
| Avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Utsleppsløyve datert 21 03 1983
Klausuleringsføresegner for Storavatnet sør for Kjenes i Lindås

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Atle Dingen | | | |
| Bergen Arkitektkontor AS | 2. etg Frydenbølien 17-19 | 5056 | BERGEN |
| Stig Solberg | Vassbygdvegen 198 | 5912 | SEIM |
| Stig Solberg | Vassbygdvegen 198 | 5912 | SEIM |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen Arkitektkontor AS | 2. etg Frydenbølien 17-19 | 5056 | BERGEN |